



Katrine Hopland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6105 - 14/24108

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

27.10.2014

Førehandsvarsel om kringsgrenser

Opplæringsloven § 8-1 gir reglar om korleis elevar vert fordelt på dei ulike skulane i kommunen. Etter reglane har grunnskuleelevane rett til å gå på den næraste skulen i kommunen. Kva skule som er nærast, skal fyrst og framst bli avgjort ut frå geografiske tilhøve. I tillegg skal det også takast omsyn til om sysken er plasserte på den same skulen, kapasitet på skulane og om skulevegen er farleg. Lova opnar for at kommunen kan fastsetja kva geografisk område som skal vere den enkelte skule sitt opptaksområde.

I samband med rullering av kommunedelplan skule 21.mars 2013 vedtok kommunestyret følgjande kringsgrenser for ungdomssteget gjeldande frå og med skuleåret 2013-2014:

Som hovudregel vert opptaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for ungdomsskulesteget frå skuleåret 2013-2014:

- 1. Knarvik ungdomsskule har som opptaksområde Alversund, Festo, Knarvik og Seim skulekrinsar.*
- 2. Ostereidet ungdomsskule har som opptaksområde Ostereidet b, Leiknes, Eikanger og Kløvheim skulekrinsar.*
- 3. Lindås ungdomsskule har som opptaksområde Lindås b (inkl. Åsheim), Myking og Skodvin skulekrinsar.*

Vidare:

Etter søknad kan elevar verta tatt opp ved annan skule enn det som gjeld som hovudregel. Nærskuleprinsippet etter §8-1 gjev elevane ein rett til å gå på næraste skule. I vurderinga av kva som er næraste skule ligg både geografiske og trafikale tilhøve. Ved søknad om opptak ved annan skule vil det utover nærskuleprinsippet verta lagt vekt på avstand til skule, trygg skuleveg, kvar søsken går, kapasitet ved skulane og eleven sine behov fagleg og sosialt.

Til grunn for denne inndeling ligg det ei vurdering av kapasitet på Knarvik ungdomsskule, elevane sin alder og skulevegen elevane vil få til Ostereidet. Det er og tatt omsyn til eit ynskje om ei god utnytting av kommunen sine tre eksisterande ungdomsskular.

Rådmannen planlegg i utgangspunktet at alle elevane på 7.trinn på Leiknes skule skuleåret 2014-2015 skal gå vidare til Ostereidet ungdomsskule i tråd med vedteken forskrift om

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00



kringsgrenser.

Geografisk avstand mellom elevane sin bustad og skulane, syner at Knarvik ungdomsskule ligg nærast heimen. Dette gir ditt barn ein rett til skuleplass på Knarvik ungdomsskule. Rådmannen ber derfor om at dei som ynskjer å søke om plass på Knarvik ungdomsskule frå hausten 2015 sender søknad til rådmannen innan 21.november. Dette for å gi alle same moglegheit til lik handsaming av søknadane og at ikkje «først-til-mølla-prinsippet» vert rådande. Dette vil også sikre at elevane i god tid veit kva ungdomsskule dei skal gå på. For skulane vil det sikre tid til god planlegging av neste skuleår. Søknadane vert handsama administrativt.

Søknad om plass på Knarvik ungdomsskule kan sendast som mail til postmottak@lindas.kommune.no eller pr. brev til Lindås kommune v/ rådmann, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Med helsing

Anne Wergeland
fagsjef skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Johannes Riisnes
Bente Kronhaug
Ragna Midtbø
Kristin Moe
Anne Wergeland

Mottakarar:
Katrine Hopland